



Advokatfirmaet Harris DA
Postboks 4115
5835 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3743 - 17/1258

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
17.01.2017

Løyve til frådelling av parsell - gbnr 137/3 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 020/17

Tiltakshavar: Terje Tollefsen
Ansvarleg søkjar: Advokatfirmaet Harris DA
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Advokatfirmaet Harris DA søker om frådelling av regulert bustadtomt frå eigedomen gbnr 137/3. Storleiken til parsellen er opplyst til 717 m².

Det vert vist til søknad mottatt 29.11.2016.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 29.11.2016 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Planstatus

Parsellen ligg i område omfatta av reguleringsplanen Sundeheim gnr 137 bnr 120, jf arealplanID 1263-201103. Parsellen ligg innanfor byggeområde for frittliggjande bustadar.

Omsøkte frådelling er i samsvar med føremålet og elles vurdert å vera i samsvar med gjeldande plan.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Det er ikkje send nabovarsel til heimelshavar av gbnr 137/61, Ungdomslaget Lyngblom, på grunna v ukjend adresse. Kommunen legg søkjar si utgreiing til grunn og vil ikkje krevja ytterlegare varsling av naboar.



Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 13.06.2016

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentleg VA-anlegg. Det ligg ikkje føre tilkopplingsløyve.

Eining for Teknisk drift har i skriv datert 16.01.2017 gitt følgjande uttale:

Teknsik drift, avd. vatn og avløp har sett på søknad om deling – gbnr. 137/3 vedk. tilkopling til kommunalt VA-anlegg via private leidningar.

Det ligg rette med kommunale leidningar for vatn og avløp fram til bustadtomten. Eit vilkår for tilknytning er at ein har tinglyste erklæringar på rett til å gå over gbnr. 137/3 fram til offentleg leidning slik at alt er i ordna former for framtida.

Utover dette har vi ingen merkander til saka.

Det ligg føre erklæring med rett til å leggja vass- og avlaupsleidning over gbnr 137/3.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Det ligg føre erklæringar om vegrett over gnr 137 gbn 3, 242, 119 og 152.

VURDERING:

Omsøkt frådeling er i samsvar med godkjend reguleringsplan. Veg, vatn og avlaup er privatrettsleg sikra gjennom vedlagte erklæringar. Søknad om frådeling vert godkjend slik det er søkt om.

Administrasjonen gjer merksam på at løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg må liggja føre før søknad om byggjeløyve vert handsama.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4, jf §§ 20-2 og 20-1 første ledd bokstav m) vert det gjeve løyve til oppretting av ny parsell frå gbnr 137/3 slik det er søkt om.

Grensene for parsellen går fram av situasjonskart datert 13.06.2016. Nøyaktig storleik vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyve er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedsregistrering, jf pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/3743

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Terje Tollefsen	Buskerudveien 219 A	3027	DRAMMEN
-----------------	------------------------	------	---------

Mottakarar:

Advokatfirmaet Harris DA	Postboks 4115	5835	BERGEN
--------------------------	---------------	------	--------